



Hardangerrådet iks



Hardanger

Referat møte i Team Hardanger (TH)

29.11.2022, 1000 - 1400, Næringshagen i Ullensvang

Møtte:

Jan Tjosås, Kvam herad - leiar

Mona Hellesnes, Ulvik herad

Randi Rykkje, Ullensvang kommune

Christel J. Kvamme, Næringshagen i Ullensvang

Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Gjest: Roald Aga Haug, Rådsordfører i Hardangerrådet(1100-1230)

Møtet starta med eit spørsmål:

Korleis kan TH vera eit nettverk?

Kva fremjar samarbeid og utviklingi regionen vår.?

Temaet bør diskutera generelt korleis ein arbeider for å få framdrift:

- kva tid skal saker forankrast;
- kva saker skal til administrasjonen og når skal me ta dei dit?

Stikkord frå diskusjonen:

- det skjer utruleg mykje bra i regionen vår, alle er tente på meir og tettare samarbeid
- ta på det regionale blikket oftare
- Team Hardanger har eit ubrukt potensiale
- kva er hensikten med denne møteplassen?
- dersom me jobbar likt med saker i kommunane, og veit om kvarandre - så kan me løfta ilag; og samarbeida om like oppgåver
- dette nettverket er ein viktig møteplass i seg sjølv
- kan me setja ein tydeleg retning for TH - då vert forankringen gjerne betre også: kva ? ; kvifor?: kva skal TH realisera?
- laga årshjul og konkretisera mandatet; sjå på kva det er naturleg å arbeida vidare med utanom "Rekrutteringsprosjektet"
- kan TH ha felles møte med andre "næringsteam" i dei nærliggande regionane
- korleis kan TH bidra til at oss i regionen heier på oss sjølve - framsnakk regionen; vertskap; identitet
- Kan regione ha felles miljøkoordinator?; felles bustadkoordinator?

Sakliste

1. Prosjekt: Rekruttering i Hardanger / Her var rådsordførar med i drøftingane

Prosjektskissa så langt vart gjennomgått og drøfta. Hovudmål vert spissa og strategien konkretisert. Prosjektet har ein stram tidsplan, og den er det viktig å halda seg til.

Administrasjonen kallar inn til digitalt felles arbeidsmøte, for å gå gjennom oppdatert prosjektskissa, fredag 2.12.2022 kl 0900-1030.

2. Val av ny leiar for Team Hardanger 2023 - 2024

Ny leiar: Mona Hellesnes, Ulvik herad

3. Status Hardanger:

- Hardangerkonferansen 2022

Gjennomgang av svar på evalueringsskjema

Bør næringslivet verta invitert inn i programkomiteen?

- Hardanger Hydrogenhub

Prosjektet tek tid, fordi det er store og tunge internasjonale bedrifter skal vera med å driva. Viktig å ha nok tolmod, men allikevel halda momentum oppe.

- Kompetanse - Samarbeidsarena Hardanger-Voss

Nytt møte tidleg på nyåret og dette er ønskjeleg tema:

a. Utdanningsprosjektet i regionen vår

b. Eksempel på desentralisert studier og arbeid med slike andre stader

- Siderklynga/Nasjonalt frukt og sidersenter

Hardangerrådet innstiller på å vera med å finansiera mellomfase i arbeid med å danne eit Nasjonalt Frukt- og sidersenter i Hardanger. *Rapport frå forprosjekt er vedlegg.*

“Siderbåten” skal gå ny rute i 2023 og skal også inkludera Ulvik og Eidfjord.

I den samanheng har dagleg leiar sett på moglege utgangspunkt for “pakkar”, og desse endringane gjev utruleg mange nye moglegheiter for Hardanger med korresponderande kollektivtrafikk og eksisterande infrastruktur.

- Hardanger Kulturråd:

Hardanger kulturråd er meir sårbare etter kommunesamanslåinga, få medlemmer.

Er dei som deler ut regionale kulturmidlar, som i 2023 var på 150.000

- Hardanger Berlin

I oktober 2022 vart det klart at VLFK går inn med ei årleg finansiering på kr 50.000 i tre år.

Det gjer ordninga søkbar for kunstnarar i heile fylke, men Hardanger har fortrinn i 9 av månadane i året. Det er akkurat sendt ut tilsagnsbrev for 2023.

Det er [Hardanger Kunstlag](#) som er ansvarlege for ordninga.

- Godkjent i 10-årige næringshageprogrammet!

Hardanger og Voss Næringshage er no tekne opp i det nye 10-årige næringshageprogrammet (2023 - 2033) til [Siva SF](#) med topp støttenivå

4. Desentralisert utdanning: Samarbeid med Ryfylke iks

Hardanger er invitert til å vera med og tilby desentralisert utdanning som Sjukepleiar og 0-7 år lærar. (Vedlegg) Ryfylke har hausta erfaring gjennom ulike pilotar, og vil gjerne samarbeida med Hardanger. *Presentasjon frå møte 25.11.22 er vedlegg.*

Mykje god informasjon om desentralisert utdanning på ["MOR"](#)

Kva er eit [utdanningssenter](#) (kompetansemiljø) til å fortelja om sitt arbeid.

Eksempel: Her er link til [ulike modellar i Norge](#).

Eksempel: Her er link til [Listersamarbeidet](#), berre eit av mange eksempel

5. Status frå kvar kommune

Kjem på neste møte.

6. Innmeldte saker

Det er ønskeleg at Hardanger som region arbeider for å verta godkjent som berekraftig reisemål. Besøksforvaltning er no del av denne sertifiseringa. Berekraftig framtid er no.

Korleis strukturera samarbeid om denne fellesoppgåva for å gjennomføra?

Mandatet ligg hjå Visit Hardangerfjord - kan eigarkommunane påverka framdrift?

Mobilitetstilbod er del av berekraftsmålet: No skal det tilretteleggjast for kollektivtransport for alle. Når me ser at mange fleire turistar kjem utan bil, er det også ei plikt å tilby kollektivtransport ut i distrikta utanom skulekøyning.

Turistbåtruta har ei 5 års kontrakt 2020-2024. Er det på tide å starta arbeid med forlenging?

7. Møteplan 2023

Møteplan 2023

2023	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet	Torsdag 19. Kvam		Torsdag 30. Eidfjord Årsmøte	Torsdag 27. Ulvik		Torsdag 8. Kvam	Torsdag 28. Ullensvang	Torsdag 26. Eidfjord		Torsdag 14. Kvam
Hardanger- konferansen									Ons-Tors 8.-9. Ulvik Hardanger- konferansen	
Hardingtinget		Torsdag 16. Ullensvang								
Team Hardanger		Onsdag 15. Ullensvang		Tysdag 25. Ulvik		Tysdag 13. Eidfjord	Tysdag 5. Kvam		Tysdag 28. Ullensvang	

